
Fra: Kari Patricia Kleppe <Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no>
Sendt: 26. februar 2014 09:46
Til: Laila Bjørge
Kopi: ypsoy@kystgard.no; fmhorfl@fylkesmannen.no; May Britt Otterlei (May.Britt.Otterlei@innovasjon norge.no)
(May.Britt.Otterlei@innovasjon norge.no); Anne-Grethe Stenhjem
Emne: SV: Sluttrapport livOglyst Kårbø [versjon 090713]

Hei Laila.

Takk for raskt svar.

Dersom prosjektperioden i praksis har vore for 2009-2012 ber eg om at de sender oversikt over sluttregnskap og budsjett for kvart av åra i tråd med det som er søkt om i budsjetta, eller i tråd med eventuelt omsøkt og endra budsjett.

Kostnader 208-2012

tiltak	Budsjett 2008-09	Rekneskap 2008-09	Budsjett 2010	Rekneskap 2010	Budsjett 2011	Rekneskap 2011-12	Total rekneskap 2008-12

Finansiering 2008-2009

Så må de setja opp ei finansiering som er i tråd med søknad og tilsegn.

Finansiering	Budsjett 2008-09	Rekneskap 2008-09	Budsjett 2010	Rekneskap 2010	Budsjett 2011	Rekneskap 2011-12	Total rekneskap 2008-12

Beste helsing

Kari Patricia Kleppe

Spesialrådgjevar

Næringsseksjonen/Regionalavdelinga

Fra: Laila Bjørge [<mailto:Laila.Bjorge@meland.kommune.no>]

Sendt: 25. februar 2014 15:46

Til: Kari Patricia Kleppe

Kopi: ypsy@kystgard.no

Emne: SV: Sluttrapport livOGlyst Kårbø[versjon 090713]

Hei

Denne rapporten gjeldt åra 2008.2009 og 2010. Etter avtale med Ole kunne me sjå alle tre åra samla slik at om me brukte lite eit år kunne me bruka meir neste år. Me kom i gang såpass seint i 2008, at i praksis har prosjektperioden vore 2009 til 2012, og me har brukt mest pengar siste perioden. Håpar du ser utgiftene i samanheng for alle åra.

Kompetansemidlar er utbetalt å kr 50 000 har me aldri fått noko skriftleg på, dei er brukt til eit kursopplegg som heiter entrepenørskap i kulturlandskapet som me har rapport på. Men eg kan senda det på nytt visst det trengs.

Me heldt no på med sluttrapport for småsamfunnsatsing på kr 100 000, det har vore jobba ein del med dette og me har vel brukt om lag 70 000 m.a studietur, arbeid med Eldmerket. Arbeidet stoppa litt opp då alle har holdt på å utvikla/bygga næringsbygg, og me planlegg å ta eit møte med dei snart for å sjå om det er grunnlag for å gjera arbeidet heilt ferdigt. **Ber difor om at desse midlane vert ståande**

Ekstramidlane på kr. 20 000 har me ikkje byrja på- og eg veit ikkje kva bygda tenkjer om vidare arbeid. Kommunen heldt på å førebu rettssak om Kårbø kai som skal gå for lagmannsretten i april og den har lagt ei litt klam hand på bygda.

Eg veit om regelen om investering, men det som Ole sa var at dei kommunale midlane som var løyvd kunne eventuelt gå til dette. Du får gjera som du syns.

Fra: Kari Patricia Kleppe [<mailto:Kari.Patricia.Kleppe@hfk.no>]

Sendt: 25. februar 2014 14:58

Til: Laila Bjørge; 'ypsy@kystgard.no'

Kopi: fmhorfl@fylkesmannen.no; May Britt Otterlei (May.Britt.Otterlei@innovasjon norge.no) (May.Britt.Otterlei@innovasjon norge.no); Anne-Grethe Stenhjem

Emne: VS: Sluttrapport livOGlyst Kårbø[versjon 090713]

Hei Laila.

Takk for fin rapport og revisjonsrapport.

Det er tydeleg at LivOGLyst Kårbø 2008-2011 har fått utretta mykje jamfør rapporten, men for mindre kostnad jamfør revisjon (kr 114 426 for 2009) enn det ein har samla fått tildelt.

De ber om at resten av tilskot vert overført til veglys på Kårbø. Dette kan me dessverre ikkje gjera då eit vilkår for tilsegn er at det ikkje kan nyttast til investeringar.

Eg har freista å få ein oversikt over kva LivOGLyst på Kårbø har fått av tilsegn, kva som er utbetalt og kva som er rest. Dersom de meiner at dette ikkje stemmer ber eg dykk snarast og innan ein mnd gje beskjed.

Tilsegn 2008 kr 90 000 til «Kårbø- ei bygd som vil noko» ved/ Arne Renè

Bratland sum kr 90 000

Tilsegn 2009 kr 110 000 til Meland kommune til «Kårbø- ei bygd som vil noko»

sum kr 110 000

Tilsegn 2010 kr 120 000 til Kårbøvågen

bygdalag

sum kr 120 000

Tilsegn 2011 kompetansemidlar kr 50 000 til Kårbøvågen bygdalag, tilsegn 2012 ekstramidlar co/ Vagleik

Ypsøy kr 20 000 sum kr 70 000

Tilsegn 2010 Småsamfunnssatsinga kr 100 000 til Kårbø LOL co/ Vagleik

Ypsøy sum kr 100 000

Sum

tilsegn

kr 490 000

Utbetalt 15.12.2008 kr 45 000 og 15.08.2009 kr

55 000

kr _____ -

100 000

Tilsegn som ikkje er

nytta

kr 390 000

Dersom dette stemmer vil tilsegn som ikkje er nytta samla bli skjønsmessig avkorta.

Beste helsing

Kari Patricia Kleppe

Spesialrådgjevar

Næringsseksjonen/Regionalavdelinga



Agnes Mowinckels gt 5 | Postboks 7900 | 5020 Bergen

Tlf. +47 55 23 95 68 | kari.patricia.kleppe@hfk.no

www.hordaland.no www.kom-an.no/livoglyst/

Fra: Laila Bjørge [<mailto:Laila.Bjorge@meland.kommune.no>]

Sendt: 20. februar 2014 14:03

Til: 'helge.husebo@nettstar.as'; jantvedt@hotmail.com; Oddveig Husebø; Rene Bratland; yposoy@kystgard.no

Kopi: Kari Patricia Kleppe

Emne: Sluttrapport livOGlyst Kårbø[versjon 090713]

Hei

Ein liten statusoppdatering. Ting tek tid og 6 mnd seinare har me endeleg klart å få rekneskapen revidert.

Rekneskapen er no revidert og sendt til fylkeskommunen.

Eg har pussa litt meir på sluttrapporten. Det er same utkast som eg sendte ut sist sommar – med spørsmål om tilbakemeldingar. Har de nokre merknader må de gje ein lyd.

Eg har snakka med nokre av dykk på telefon ang. eit fellesmøte der me går gjennom rapporten og diskuterar litt kva har vore bra/dårleg og litt om vegen vidare. Jan Atle har sagt at dei gjerne deltek. Rene ville gjerne, men har reist på fiske, så spørsmålet er kva de andre syns. Eg klarar ikkje finna epostadressa til Erik, kan du Vagleik senda over til han.

Visst det er interesse for eit møte gjer me det. Visst ikkje gjer de melding til meg om det.

Venleg helsing

Laila Bjørge

Landbrukssjef i Meland og Modalen



Meland kommune
Tenesteområde Plan, Utbygging
og Kommunalteknikk
Postboks 79
5906 Frekhaug

www.meland.kommune.no

postmottak@meland.kommune.no

laila.bjorge@meland.kommune.no

Sentralbord 56 17 10 00 direkte
56171185, mob 957 35405